

Astrid Styve

Hangursvegen 42

5704 Voss

26.03.2018

Til Hordaland Fylkeskommune, fylkesrådmannen.

Viser til tildelingsbrev av dato: 12.05.2017 Dykker ref.: 2016/9014-108 Saksbehandlar: irekron

Min ref. Astrid Styve

**Asklebjørg - gnr 382 bnr 2 - Lafta Løe - Voss kommune - Tilskot til vern og vøling av kulturminne 2017
- Underretting om tildelen**

«Det vert vist til dykker søknad om tilskot til vern og vøling av kulturminne 2017. Hordaland fylkeskommune, utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama saka på møte den 26.04.2017, sak 52/17, og gjorde vedtak om å tildele dykk kr 20.000,- i tilskot.»

Tilskotet gjeld tildelingsår og påfølgende år, altså 2018

Eg viser no til pkt 8 i retningsliner som eg har uthøva i kursiv: *Dersom tiltaket ikkje let seg gjennomføre innan tidsfristen grunna uføresette tilfelle, som til dømes sjukdom, kan fylkeskommunen overføre pengane til vedkommande kommune. Føresetnaden er at kommunen tek på seg ansvaret for gjennomføringa av prosjektet. Vert prosjektet likevel ikkje gjennomført, skal pengane førast attende til fylkeskommunen.*

Eg er sjuk. Eg har likevel **tre** gonger prøvt å sette i gang prosjektet att, i 2015, 2016, og 2017, men i alle tre tilfella har Olav Håvik, som eg har rettsak mot no 22. mai 2018, spolert prosjektet mitt ved å ta kontakt med dei tre ulike byggmestrane og servert dei historier som gjer at dei har ringt og trekt attende tilbod. Mannen ringte opp byggmestrar Herbert Mollenhauer frå Valdres, og skjelte han ut, ei tid seinare fekk eg e-post frå Mollenhauer som takka nei til jobben med ei fin unnskyldning.

Det er ei fortvila historie. Og det er sjølv sagt underleg at firma let seg påverke av denne gale mann. Eg let meg ikkje skremme! Han har på fleire måtar prøvd å skremme meg frå å gå til rettsak mot han. Til orientering.

Eg ber no om at Fylkeskommunen overfører pengane til Voss Kommune, slik at dei kan hjelpe meg sette i gang arbeidet. Det er viktig å berre få koma i gang. Eg har 50 000 kroner uteståande SMIL som går ut på dato oktober 2018. Difor hastar alt. Eg er villig til å koste det eg må, mest truleg 3-400 000 kroner gjennom lån, for å få opp att det verneverdig kulturminnet vårt, som eg trur heile bygda vil glede seg over(turfolk). Men eg gjer sjølv sagt den eigeninnsats eg fysisk *kan* være med på.

Eg voner også at Fylkeskommunen ved saksbehandlar/utval ser godt på denne spesielle saka, og er villige seinare i prosessen å løyve meir tilskot til lafta-løa, sånn at me deler litt på kalaset, **jfr. Grunngjeving:**

«Ved avgjerda av dykkar sak er det lagt til grunn dei opplysningane som går fram av søknaden. Søknaden fyller vilkåra som går fram av dei vedtekne retningslinene for ordninga. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har etter ei samla vurdering funne grunnlag for å prioritere dykkar tiltak. Bygningen er plukka ned og murane fjerna, slik at ei remontering er no eit omstendelege prosjekt. Vern og vøl midlane er meint å vere ei handsrekning til mindre tiltak, og denne søknadssummen ligg langt over det denne tilskotsordninga gjev rom for. Tiltaket er viktig for totalopplevinga av tunet, då det no ser litt amputert ut. **Får ein først prosjektet i gang vil det vere lettare å søkje midlar seinare, og vi tilrår å støtte tiltaket.**»

Difor ber eg no utvalet/sakshandsamar ta kontakt med Voss Kommune for starte opp arbeidet med å redde løa. Komme i gang. Kommunen er kanskje tilknytt byggmeister? Eventuellt arrangere/ ta arbeidet som **eit kurs i istandsetting av løa**, so vert det billigare(det snakka Mollenhauer om: **kurs i vøle grunnmuren**) Det finns mogleheter å få dette til rimelegare.

Arbeidet kan settast i gang når snøen er vekke, ca1.juni.

Dei kan ta kontakt meg på telefon 40038969. Når som helst.

Venleg ta kontakt, gjerne pr. tlf om noko er uklart. Snarast råd.

Venleg helsing, og stadig optimist

Astrid Styve,

Hangursvegen 42, 5704 Voss

Telefon: 400 38 969